



## PROTOKOLL

---

# Fellesrådsmøte

---

Tid: Tysdag 27. august kl. 18.00 – 20.00

Stad: Kyrkjestugu

Til stades:

- |                           |                     |
|---------------------------|---------------------|
| - Arild Øystese Hansen    | Leiar               |
| - Audun Vestenfor         | Nestleiar           |
| - Inger Elise Kaslegard   | Leveld              |
| - Frøydis Stoveland Dekko | Torpo               |
| - Kari Kristine Flatland  | Torpo               |
| - Marianne Laa            | Ål                  |
| - Ingrid K Hajem          | Ål                  |
| - Anne Kjersti Frøyen     | Ål                  |
| - Solveig L. Arnegard     | Kommunerepresentant |
| - Anne Gerd Jorde         | Kyrkjeverje         |

Kopi sendt til:

- |                    |            |
|--------------------|------------|
| - Inger Haug       | Leveld     |
| - Liv Solberg      | Leveld     |
| - Marianne Laa     | Ål         |
| - Wenche Skår-Ekse | Ål         |
| - Geir Wiknes      | Sokneprest |

## SAKLISTE:

Sak 24/24: Godkjenning av innkalling og referat frå førre møte.

*Ingen merknad*

## Sak 25/24: Driftsbudsjett 2025-2030

I sak 19/24 Økonomirapport 1. halvår 2024 og Budsjett 2025 vart det gjort vedtak om at både halvårsrapport og økonomiplan skulle kvalitetssikrast og handsamast i augustmøtet.

Oppdatert rekneskapsrapport for 2024 ligg ved. Denne gjer eit bilete på den økonomiske situasjonen for ÅKF pr. 31.07. Med periodisering av rekneskapen og berekning av prognose for heile året 2024, kan det tyde på at ein vil får eit meirforbruk på ca. 120.000 for heile året. Ål kommune løyvde inntil kr.118.000, som ekstraløyving i kommunestyremøte i august, etter søknad frå fellesrådet, og det er derfor sannsynleg at rekneskapen for 2024 vil gå i balanse.

Rapporten og årsprognosen ligg til grunn for framlegg til driftsbudsjett for 2025. (Vedlegg) Det er ikkje gjort drastiske endringar i budsjett for 2025, men det er verdt å merke seg at ÅKF no har full bemanning jamfør godkjente stillingsheimlar. Lønsutgifter vil derfor auke i 2025 jamfør rekneskap for 2023 og 2024.

Rammeoverføring frå kommunen er auka frå 6 704 000 til 7,0 mill. frå 2024 til 2025. Det er ein auke på 4,4%. Det er uvisst om kommunen vil godkjenne denne auken eller om det vil bli naudsynt med justering av budsjettet etter at politikarane har handsama budsjettframlegget. ÅKF har ingen garanti for at rammeoverføringa automatisk fylgjer pris- og lønsauke, men det vil gje konsekvensar for kyrkja sitt handlingsrom om denne praksisen vert endra.

Med ny minnelund på Ål kyrkjegard er det ikkje usannsynleg at talet på kremasjonar vil auke kraftig. Det er ikkje tatt høgde for dette i budsjettet, men ein legg til grunn at kommunen ynskjer å støtte alle som vel kremasjon og at ÅKF får ekstraløyving for å dekke kremasjonsutgiftene.

Det er ynskjeleg at den nye kyrkjevevja (vikaren) får høve til å justere budsjettet saman med økonomisjefen i kommunen for å kvalitetssikre talgrunnlaget.

Framlegg til vedtak:

- ÅKF godkjenner driftsbudsjettet for 2025.
- Kyrkjevevja får høve til å justere talgrunnlaget for å sikre at budsjettet samsvarer med kommunen sine rutiner for budsjettering.
- ÅKF legg til grunn at kommunen vil løyve ekstra for utgifter til kremasjon dersom talet på kremasjonar aukar meir enn det som ligg til grunn for budsjettet.

*Vedtak:*

- *ÅKF godkjenner driftsbudsjettet for 2025.*
- *Kyrkjevevja får høve til å justere talgrunnlaget for å sikre at budsjettet samsvarer med kommunen sine rutinar for budsjettering.*
- *ÅKF legg til grunn at kommunen vil løyve ekstra for utgifter til kremasjon dersom talet på kremasjonar aukar meir enn det som ligg til grunn for budsjettet.*
- *ÅKF ber kyrkjevevja om å legge fram tal som syner status for investeringsprosjekt 2024.*

## **Sak 26/24     Investeringsbudsjett 2025-2030**

På oppfordring frå rådmannen i Ål kommune, bør ÅKF presentere ein langsiktig plan for investeringar i kyrkja. Det er naudsynt og nyttig ikkje berre for kommunen, men også for ÅKF, som kan legge langsiktige planer for å auke kvaliteten på aktivitetar og tenester og også auke kvaliteten på forvaltning av bygg og anlegg i kyrkja. ÅKF står framfor store utfordringar med 150-års jubileum for dei tre kyrkjene våre i 2030. Det høver seg å sette kyrkjene i god stand til dette jubileet, og samtidig nytte høve til å oppgradere bygga både teknisk, energiøkonomisk og funksjonelt. I vedlagte budsjett er det tatt med kostnader til rehabilitering av både kyrkjene, kyrkjegardane, Kyrkjestugu og Borgstugu. Det ligg også inne ei oppgradering av materiell både på kontoret og kyrkjegardane.( Sjå vedlagte budsjett.)

I all hovudsak er det Ål kommune som nå bære kostnadene med desse tiltaka, men ÅKF må og vil også nytte dei moglegheitene som finnes for privat og offentleg finansiering og tilskot.

Framlegg til vedtak:

- ÅKF godkjenner plan for investeringar og investeringsbudsjett for 2025-2030.
- ÅKF vil arbeide for å finne alternative finansieringskjelder, både private og offentlige.

*Vedtak:*

- *ÅKF godkjenner plan for investeringar og investeringsbudsjett for 2025-2030 med eventuelle justeringar.*
- *ÅKF vil arbeide for å finne alternative finansieringskjelder, både private og offentlige.*

## **Sak 27/24: Namna minnelund - Avklaring**

Bakgrunn: I sak 21/24 Innviing av namna Minnelunden vart det gjort vedtak om å koma attende med meir detaljer i høve enkelte detaljer om namneskilt, innfesting o.a.

Leiar i ÅKF har, saman med kyrkjetenar Håkon Tveito og landskapsarkitekt Marianne Laa sett på alternativ for å finne løysingar som er både estetisk, plassøkonomisk og samtidig funksjonell. I prosjektdokumentet er det gjort framlegg om namneskilt som er 13x13 cm. Desse kan gje plass til 2 namn pr. plate. Når det gjeld material og utforming, så er det mange gode alternativ. Nokre av desse er lagt ved i en presentasjon frå Skiltspesialisten as. (Sjå vedlegg og modellar)

Framlegg til vedtak:

- Som namneskilt ved namna minnelund på Ål kyrkjegard skal nyttast modell:  
  
..... med måla 13x13 cm.
- Namneskilta skal monterast på skinne og med maksimalt 2 namn pr. plate.
- Kyrkjevevja tek ansvar for formell godkjenning av minnelund, og invitasjon til og gjennomføring av innviingsseremoni. Dette bør skje innan oktober 2024.
- Drift og bruk av minnelunden må regulerast i reviderte kyrkjegardsvedtekter.

***Vedtak, etter votering:***

- *Som namneskilt ved namna minnelund på Ål kyrkjegard skal nyttast 2 alternative typer:*
  - *Minnelundsplakett 316 stål*
  - *Minnelundsplakett eloksert aluminium*
- *Minnelundsplakettar skal ha måla 130x130 mm*
- *Montering av plakettar skjer etter framlegg frå AsplanViak/Marianne Laa med plakettane montert i 2-3 grupper med angitt avstand mellom gruppene.*
- *Namneskilta skal monterast på skinne og med maksimalt 2 namn pr. plate.*
- *Kyrkjevevja tek ansvar for formell godkjenning av minnelund, og invitasjon til og gjennomføring av innviingsseremoni. Dette bør skje innan oktober 2024.*
- *Det vert kjøpt inn og montert 20+20 plakettar i fyrste omgang.*
- *Drift og bruk av minnelunden må regulerast i reviderte kyrkjegardsvedtekter.*

Vedlegg:

1. Vedtatt driftsbudsjett 2025
2. Vedtatt investeringsbudsjett 2025-2030

Ål 27.08.2024 AØH